

30.11.2018

Stor interesse for Jon Fosse - kvelden på Dønhaug.



Vidar Haugland tok initiativet og stod for regi og gjennomføring av ein vellukka litteraturkved i Dønhaugkjedlaren.

Om lag 50 litteraturinteresserte menneske kom til Dønhaugkjedlaren. Alle fekk eit møte med Jon Fosse si diktning gjennom føredrag og bokpresentasjon. Gaute Haugland og Ingvar Pettersen, som har illustrert fleire bøker i mindre opplag, var med tilskipinga. Kvelden vart gjennomført slik Jon Fosse ville likt det, med stille, ro, pausar og refleksjon. Anne Karin Fornneland las frå diktsamlinga Auge i vind med tonefylge av Egil Vaage på hardingfele.

Jon Fosse kjem frå Fosse i Strandebarm. Han hadde ein trygg og god oppvekst. Nokre dramatiske hendingar i hans eige liv og med kameratane hans har festa seg og kjem att i mykje av det han har skrive. Fosse debuderte i 1983 med romanen Raudt, svart og har seinare skrive over 30 skodespel, framført på scenar i mange land og i alle verdsdelar.

Forutan romanar og drama skriv Fosse dikt, essay, kortprosa og barnebøker. Bøkene hans er omsett til meir enn 40 språk.



Anne Karin Fonneland las og fortalte om livet og diktninga til Jon Fosse (Arkivfoto).

Anne Karin Fonneland snakka om landskapet i dikta hans og relasjonane mellom menneske. Det sugererande og mystiske kjem fram alt i debuboka. Det er litterær rock med mykje repetisjon og gjentaking. Han vart i byrjinga oppfatta som vanskeleg og lite tilgjengeleg. Seinare fekk han eit internasjonalt gjennombrot og er i dag tildelt ei rekke prestisjetunge litterære priser. Berre i 2002 vart det synt fram drama av Fosse på 100 scenar i Europa, mellom anna Nokon kjem til å komme, som vart skrive til Den nasjonale Scene i Bergen i 1996.

Det har til tider vore mykje fokus på Jon Fosse og det religiøse. Alt som 16 åring melde han seg ut av Statskyrja. No reknar han seg som kristen og er innmeld i Den katolske kyrkja. Jon Fosse har sagt at kyrkja og bedehuset er dei einaste plassane der marknadskreftene ikkje rår. Han har skrive salmen Nattsalme. I Norsk salmebok finn vi salmen Det finst ei jord.

Vidar Haugland har alle bøkenen til Fosse. I tilegg har han vore utgjevar for 6 bøker i mindre opplag. Tre lokale kunstnarar, Gaute Haugland, Ingvar Pettersen og Øyvind Sture, har vore illustratørar.

Det er lang tid sidan det har vore litteraturkveld i Uskedalen med så godt frammøte. Vidar Haugland hadde tanken og fekk med seg Anne Karin Fonneland på noko mange ventar meir av. Alle innslaga vert rekna som dugnad utan kostnader. Det vert heller ikkje rekna leige for å få vera hos Anne Berit og Magne Huglen på Dønhaug.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal.



Gaute Haugland har illustrert fire av bøkene til Jon Fosse. Vidar Haugland har vore utgjevar.